

OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT

.....

INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT

STAD: Stavanger, Hotel Scandic Stavanger Airport
MØTETIDSPUNKT: Onsdag 2. april, kl. 09:30 – 15:00

GÅR TIL:

Styremedlemmer

Anders Hovland	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Arve Varden	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Eivind Hansen	Medlem
Karl Olav Haaland	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Elisabeth Meling	Medlem
Bernt Olav Økland	Medlem

Styremøte er ope for publikum og presse

.....

Stavanger, 26.03.2025
Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
Styreleiar

Styreseminardel

Digitaliseringsstruktur – Helse Vest IKT rolle og ansvar

SAKSLISTE:

UNDERLAG:

OPNE SAKER

Sak	01/25 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	02/25 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 05.12.2024	Vedlagt
Sak	03/25 O	Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest IKT AS	Vedlagt
Sak	04/25 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	05/25 B	Rapport frå verksemda februar 2025	Vedlagt
Sak	06/25 B	Årsrekneskap 2024	Vedlagt
Sak	07/25 B	Utgreiing Openheitslova – aktsemdsvurdering 2024	Vedlagt
Sak	08/25 B	Styringsdokument for Helse Vest IKT for 2025	Vedlagt
Sak	09/25 O	Omdanning Helse Vest IKT AS til HF	Vedlagt
Sak	10/25 O	Økonomisk langtidsplan 2026 – 2030	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	11/25 B	Leiinga sin gjennomgang IKT-sikkerheit	Vedlagt
Sak	12/25 B	Open source – mogleigheiter	Vedlagt
Sak	13/25 B	Forhandlingsfullmakt lønnsoppgjør 2025	Vedlagt

14/25 Eventuelt

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

***STAD: Bergen, Kronstad X, møterom Pålitelig
MØTETIDSPUNKT: 05.12.2024, 09:00 – 14:00***

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

*Inger Cathrine Bryne
Helle Kristine Schøyen
Anders Hovland
Beate Sander Krogstad
Arve Varden
Eivind Gjemdal
Eivind Hansen
Agnete Sjøtun
Silje Ljosland Bakke
Merethe Nygård
Kjartan Hovland Rasmussen*

FORFALL FRÅ STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

*Ole Jørgen Kirkeluten
Harald Flaten
Ørjan Andersen
Vidar Råheim
Fredrik Eldøy
Kristin Farestvedt
Ole Fredrik Gulbrandsen
Maria Fehr Johansen
Leif Nordland*

Møtedokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskrivne signaturar

*Saksliste:**Opne saker*

Sak	55/24 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	56/24 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 07.11.2024
Sak	57/24 B	Budsjett Helse Vest IKT 2025
Sak	58/24 B	Skystrategi

Lukka saker

Sak	59/24 B	Budsjett investeringar Helse Vest IKT
Sak	60/24 O	Styret si evaluering og evaluering av administrerende direktør

Opne saker

Sak	61/24 O	Administrerende direktør si orientering
Sak	62/24 B	Rapport frå verksemda oktober 2024
Sak	63/24 O	Dips – logga saker og årsakar
Sak	64/24 O	Utkast til årleg melding Helse Vest IKT for 2024
Sak	65/24 B	Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT

Sak	66/24	Eventuelt
-----	-------	-----------

Opne saker

Sak 55/24 B

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 56/24 B

Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 07.11.2024

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 07.11.2024.

Sak 57/24 B

Budsjett Helse Vest IKT 2025

Administrasjonen har etter styremøtet 07.11.2024 hatt dialog med digitaliseringsområda og HF'a. Utkast til budsjett i digitaliseringsområda vert handsama i møte 02.12.2024 med eit forslag til ramme på 571,8 mill. kr (400,0 mill. kr til investering, og 171,8 til ikkje-aktiverbare kostnader). Alle tal er no justert for deflator.

Forslag til budsjett for 2025 er på 2 144,5 mill. kr., ei auke på 250,2 mill. kr. i forhold til budsjett 2024, og ei auke på 25,5 mill. kr i forhold til deflatorjustert økonomisk langtidsplan (inklusive auke i pensjonskostnad og byggeprosjekt).

Den største usikkerheita har vi innanfor aktivitetsnivå i digitaliseringsprosjekt og byggeprosjekt, samt overgang til ny teknologi innanfor mobile løysingar, telefoni og signalanlegg.

Den største økonomiske risikoen for Helse Vest IKT ligg i estimert rentenivå og utvikling av rente for 2025, samt i nivå for leveranse av timar til investeringsprosjekt (med balanseføring av interne lønskostnader).

Styret bad om ein egen sak i april der ein ser på gevinst og risiko ved økonomisk vekst i Helse Vest IKT versus vekst i HF'a – med bakgrunn i at det har vore ei betydeleg omfordeling over tid.

Styret bad om at ein i verksemdsrapporten for 2025 også har med den delen av økonomien som vert rapportert til Digitaliseringsstyret.

Styret bad om at ein i verksemdsrapporten for 2025 rapporterer effekten av innsparingstiltak.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok budsjett Helse Vest IKT for 2025.

Sak 58/24 B

Skystrategi

Helse vest IKT leverer i dag tenester på ulike plattformer. Disse er offentlig sky, som i dag består av Microsoft 365, Power Plattform samt Azure Infrastruktur, Privat Offentleg sky som t.d. Oracle Exa Data og Privat sky som leverer tenester frå eigne datahallar.

Helse Vest IKT sin utviklingsplan setter mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT. Dei fire strategiske måla er førande både for det daglege arbeidet og den strategiske leiinga av selskapet. Vår bruk av skyløysingar skal bidra til at Helse Vest IKT når disse måla, og sette klar retning i arbeidet vidare for å levere moderne, sikre, fleksible og skalerbare løysingar.

Ved overgang til sky på dagens løysingar kan endringa være av eit slikt omfang at ein må vurdere nytt anbod, dette bør avklarast nærare med Sjukehusinnkjøp.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente forslag skystrategi for 2025 i Helse Vest IKT.

Lukka saker

Sak 59/24 B

Budsjett investeringar Helse Vest IKT 2025

Investeringsbudsjettet til infrastruktur for 2025 er på 231 mill. kr, og i tråd med deflatorjustert økonomisk langtidsplan.

I investeringsbudsjettet for 2025 har administrasjonen lagt inn behov for utskifting av infrastruktur og behov for å auke kapasiteten på fleire områder, nye datahallar i Stavanger, nytt overfallsanlegg, og utskifting av nokre pasient- og alarmanlegg.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente forslag til investering i IKT-infrastruktur for 2025.

Sak 60/24 O

Styret si evaluering og evaluering av administrerende direktør

Skjema for evaluering var sendt ut i forkant, og rapport frå spørjing vart gjennomgått i møte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret evaluerte seg sjølv og administrerande direktør.

Opne saker

Sak 61/24 O

Administrerande direktør si orientering

1. Årsplan
Årsplan for 2025 vart lagt fram for styret.
Styret bad om at årsplan vert oppdatert fortløpande.
2. Beredskap telefoniproblem hos Telenor
Onsdag 13. november var det bortfall av mobilnett og tale hos Telenor, noko som berørte store deler av Norge, inklusive alle numre til og ut frå Helse Vest. Alle nødnummer, offentlege numre og mobilnumre via Telenor vart berørt i stor grad. Helse Vest IKT utløyste gul beredskap.
Helse Vest sine eigne telefonisystem fungerte som normalt ved intern kommunikasjon, men ikkje via eksterne liner via Telenor.
3. Rapportering tilsynssaker
Ingen aktuelle saker
4. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav
Ingen aktuelle saker
5. Oversikt over aktuelle høyringar
Ingen aktuelle saker

Liste over kommande styresaker etterspurd av styret:

- Vurdering OpenSource
- Involvering og medvirking i Helse Vest IKT AS
- Konkrete tiltak som følgje av handlingsplan IKT-sikkerheit

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering

62/24 B

Rapport frå verksemda oktober 2024

Servicegraden er grøn og stabil på 82%, og episodar løyst på timen er ned igjen på gult nivå. Tal på brotne opne episodar er endeleg sakte på veg ned, og har skifta til gul status.

Driftskalenderen for oktober viser 3 omfattande episodar med grøn beredskap, 1 med Sectra, 1 med Dips bestillingsmodul og 1 relatert til utilgjengelege filområder.

Det var i oktober månad 3 varsel om mogleg meldepliktige brot på personvernet. Dette gjaldt følgande hendingar:

- ST – Events går ikkje over frå CTG apparatet og inn i MososNXT Forsterovervåkning
- Rolle ved Stord sjukehus har hatt utvida tilgang til CTG registreringar på pasientar i HST og HBE i MososNXT
- Feil i væskebalanserekneskapen i Meona som vart meldt i september (assyst)

Økonomisk resultat er betre enn venta med eit resultat i oktober på 3,5 mill. kr. Resultat hittil i år er dårlegare enn venta med 3,7 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 6,9 mill.kr. Avviket skuldast i hovudsak for lite timar levert til investeringsprosjekt. Det er sett i verk tiltak for å redusere kostnader.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,3%, og er på tilnærma same som i 2023. Turnover er innanfor akseptabelt nivå med 4,9%.

Styreleiar informerte om at det er gitt ekstra tilskot til helseregionane i desember som vil bli fordelt mellom HF'a, SAV og Helse Vest IKT.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapport frå verksemda per oktober til etterretning.

Sak 63-24

Dips – logga saker og årsaker

Pasientjournalsystemet DIPS blir brukt av alt klinisk personell, enten ein jobbar på sengepost, poliklinikk eller spesialavdelingar (mottak, intensiv osv.). Løysinga dekkjer alle medisinske fag innanfor somatikk, psykiatri og Rus og rehabilitering.

Med mange brukarar og eit stort spenn i funksjonsområder, er det viktig å avdekke om saksmengda i Assyst uttrykke svakheiter i DIPS løysinga eller om det er andre problemstillingar som er årsak til det som brukarane opplever som «DIPS problem». Det er meldt om lag 27 000 saker relatert til DIPS så langt i år.

Årsaka til eit høgt tall på DIPS saker er samansett. Det er viktig å sjå på eit breitt sett med tiltak om ein skal få redusert talet. Å få redusere tal på episodar og omfattande episodar vil frigjere tid for helsepersonell, ettersom dei fleste av desse sakene blir meldt av brukarane.

Moglege nye/vidareføring av tiltak

- Følgje utviklinga på DIPS episodar og rapportere dette talet til styret. Rapporteringa bør vise utvikling over tid.
- Vurdere kommunikasjonstiltak for å gjere Arenaportalen betre kjent
- Identifisere årsakene til at brukarar ikkje finn applikasjonen, eller får vanskar med innlogging/pålogging.
- Halde fram arbeidet med å identifisere årsaker til tregheit i løysinga
- Auke graden av harmonising/standardisere tilgangssoppsett, dette vil legge til rette for auka automatisering.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering, og bad administrasjonen gi ei tilsvarende orientering årleg.
2. Styret bad administrasjonen om å følgje tiltaka som er skissert for å sjå om ein oppnår ein reduksjon av saker.

Sak 64-24

Utkast til årleg melding Helse Vest IKT for 2024

Administrasjonen har i år tatt med bidrag frå interne områder og frå helseføretaksgruppa, men har også i år lagt vekt på områder der Helse Vest IKT bidrar til forbetring i helseføretaka. Utkastet til årleg melding er enno ikkje tilstrekkeleg gjennomarbeida og korrekturlest, dette vil bli gjort før oversending til Helse Vest RHF innan frist 15.01.2025.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner utkast "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2024", med dei merknadane som kom fram under handsaming av saka.
2. Administrasjonen innarbeider innspel og oversender endeleg versjon av "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2024" innan fristen 15. januar 2025.

Sak 65-24

Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT

Styret bad om ei orientering om handsaming av bierverv.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a. Styreinstruks for Helse Vest IKT AS
 - b. Vedtekter for Helse Vest IKT AS

- c. Instruks for adm.dir. i Helse Vest IKT AS
- d. Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

Sak 66/24

Eventuelt
Ingen saker

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS
DATO: 13.02.2025
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Leif Nordland, Rolf Ruland
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 003/25 O

STYREMØTE: 02.04.2025

Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest IKT AS

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Vest IKT AS i møte 19.09.2024, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Ole Fredrik Gudbrandsen
Nestleiar: Anna Kristin Fjeld
Medlem: Rolf Ruland

Valstyret fastsette valdagen til 3. februar 2025. Alle kunngjeringar var elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet skje ved avstemming i MinGat. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført stemming.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 23. desember 2025.

Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, NITO, IT-forbundet/Delta, Tekna og NSF

Frist for å komme med vallister var 13.januar 2025.

Valstyret fekk tilsendt to lister innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 16.

Ein avholdt valget i mingat og etter opptelling av stemmer fikk følgende kandidater verv:

Valresultat:

Karl Olav Haaland	Styremedlem
Agnete Sjøtun	Styremedlem
Elisabeth Meling	Styremedlem
Bernt Olav Økland	Styremedlem
Silje Ljosland Bakke	Varamedlem
Odd Einar Aamot	Varamedlem
Eirik Kristian Hansen	Varamedlem
Kjartan Hovland Rasmussen	Varamedlem
Knut Eirik Fjellbakken	Varamedlem
Lise Walter Leknessund	Varamedlem

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 17. Ny periode startar i februar 2025, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, vert vervet avslutta.

Medlem av styret har møteplikt med mindre han har lovleg forfall.

Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valet er blitt kunngjort på Helse Vest IKT sine intranettsider og Helse Vest RHF sine nettsider saman med opplysningar om klagerett.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 25.03.2025
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **004-25 O**

STYREMØTE: 02.04.2025

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

OPE DEL

- 1. IT-revisjon 2024**
Sjå vedlegg.
- 2. OKR – resultat 2024**
Sjå vedlegg.
- 3. Offline backup**
Munnleg orientering
- 4. Status datahall Bergen**
Munnleg orientering
- 5. Involvering og medverking i Helse Vest IKT**
Munnleg orientering om status
- 6. Rapportering tilsynssaker**
Ingen aktuelle saker

7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

8. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

LUKKA DEL

9. Ingen aktuelle saker

Liste over kommande styresaker (etterspurd av styret)

- Involvering og medverking i Helse Vest IKT AS
- Konkrete tiltak som følge av handlingsplan IKT-sikkerheit



Helse Vest

Oppsummering IT-revisjon 2024

Dan-Tormod Bergem og Asle Haustveit
29.11.2024

Oppsummering revisjon av IT-miljøet 2024

Nedenfor vises våre observasjoner og vurderinger etter kartlegging og tester i IT-miljøet. Detaljer fremgår på de neste sidene.

OMRÅDE	EVALUERING	OBSERVASJONER	ANBEFALINGER
Overordnet om internkontroll i IT-miljøet/IT-prosesser		- IT-miljøet i Helse Vest vurderes som for i fjor å være underlagt god styring og kontroll. - Det jobbes kontinuerlig med videreutvikling og forbedring innen IKT-sikkerhet.	Vi anbefaler at fokuset på kontinuerlig forbedring av informasjonssikkerheten fortsetter, da dette området er i løpende utvikling.
IT-generelle kontroller - Tilgangskontroller - Programendringskontroller - Dataprosesseringskontroller		- IT-revisjonen har i 2024 gjennomgått og testet IT-generelle kontroller for Windows AD/Samlepunktet, SAP, GAT, Unit4 ERP, DIPS og Farmapro. - Overordnet vurderes det å være etablert og formalisert gode prosesser og kontroller for tilgangsstyring, logging, programendringer og dataprosessering i Helse Vest.	Vi anbefaler at fokuset på kontinuerlig forbedring av tilgangskontroller fortsetter, for å påse at ansatte som har forlatt Helse Vest ikke har tilgang til systemene.

Generelle IT-kontroller: oppsummert

Oversikt over generelle IT kontroller per applikasjon i 2024

	Innmelding og deaktivering av brukere	Arbeidsdeling i applikasjonen	Periodisk gjennomgang av brukere	Individuelle- og generelle brukerkontoer	Passord-innstillinger	Program- endringer	Data- prosessering	Totalt
SAP	●	●	●	●	●	●	●	●
Unit 4	●	●	●	●	●	●	●	●
DIPS	●	●	●	●	●	●	●	●
GAT	●	●	●	●	●	●	●	●
Farmapro	●	●	●	●	●	●	●	●

Generelle IT-kontroller: tilgangskontroller

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2023	2024			
●	●	Brukeradministrasjon (opprettelse, endring og deaktivering)	Risiko for at personer får rettigheter eller tilganger de ikke skal ha.	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis, samtidig som man fokuserer på å automatisere prosessen med opprettelse, endring og deaktivering av brukere.
●	●	Arbeidsdeling i applikasjoner	Risiko for utilsiktede, og tilsiktede, feil dersom en bruker har flere rettigheter enn den har bruk for.	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.
●	●	Individuelle og generelle brukerkontoer	Risiko for manglende sporbarhet i hvem som har utført handlingen. Øker risikoen for misligheter.	Vi minner om at det må holdes god kontroll på fellesbrukere med utvidede rettigheter og det sees på muligheten for å endre disse slik at alle brukere har unike bruker-IDer.
●	●	Periodisk gjennomgang	- Personer som har sluttet fremdeles har tilgang. - Personer har andre rettigheter enn de har bruk for, som igjen øker risikoen for tilsiktede/utilsiktede hendelser.	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.
●	●	Passordinnstillinger	Risiko for uautorisert bruk av systemet	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.

Generelle IT-kontroller: programendringskontroller

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2023	2024			
		Programendringer - IT-revisjonen har i 2024 gjort et tilfeldig utvalg av produksjonssatte endringer og gjennomgått prosessen for endringshåndtering knyttet til SAP. Vi har også gjennomgått prosessen i forbindelse med oppgradering av DIPS Arena. - Vår gjennomgang tilsier at det eksisterer gode rutiner for endringshåndtering i alle applikasjonene som er testet. Det er etablert kontroller gjennom hele prosessen som sikrer at alle endringer er hensiktsmessig dokumentert, godkjent før utvikling, testet og godkjent før produksjonssetting, samt at det er tilfredsstillende arbeidsdeling gjennom prosessen.	- Risiko for at eventuell feilsøking blir vanskeligere enn nødvendig grunnet mangelfull dokumentasjon. - Risiko for en ikke-hensiktsmessig prioritering av endringer. - Risiko for at endringer som ikke er tilstrekkelig testet settes i produksjon.	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.

Generelle IT-kontroller: dataprosessering

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2023	2024			
		Dataprosessering - IT-revisjonen har i 2024 gjennomgått virksomhetens operasjonelle prosedyrer og kontroller for dataprosessering og dataoverføring mellom applikasjoner. Dette har vært aktuelt for SAP, Unit 4, DIPS og GAT. - Vår gjennomgang tilsier at det er etablert tilfredsstillende prosesser og kontroller for å sikre at autoriserte batchjobber, planlagte automatiserte jobber og grensesnittkonfigurasjoner blir tilstrekkelig planlagt, utført, overvåket og fulgt opp.	Risiko vedrørende nøyaktighet og fullstendighet av finansiell informasjon.	Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.

Forklaring på symboler

- Betydelig kontrollsvakhet, utvidet revisjonsomfang. Tiltak bør iverksettes umiddelbart.
- Kontrollsvakheter identifisert, noe utvidet revisjonsomfang. Tiltak bør vurderes.
- Ingen eller ubetydelige kontrollsvakheter avdekket, ingen ytterligere revisjon. Tiltak ikke nødvendig.
- Kontrollen er ikke aktuell / ikke testet.

IBDO

tett på

VEDLEGG 2

DATO: 25.03.2025
SAKSBEHANDLAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Objective Key Results 2024**
ARKIVSAK: 2024/04


UTVAL
Styret i Helse Vest IKT AS

MØTEDATO **SAKSNUMMER**
02.04.2025 004-24 O

Utviklingsplan og måling av effekt

Oppsummering

I oppfølging av dei overordna måla frå utviklingsplanen nyttar vi OKR-rammeverket som utgangspunkt.



Målstruktur i Helse Vest IKT.

Vi har i 2024 hatt 10 prioriterte «Objectives», og fleire «Key results» til kvart «Objective».

Fakta

Det har vore krevjande å følgje opp alle «Key results», og ambisjonsnivået har nok vært for høgt i 2024, noko som har ført til at det ikkje har vore like høg fokus på alle «Key results».

Av alle «Key results» er 24 100% levert, 30 levert mellom 50 – 70%, og 21 under 50%.

Av dei som er levert er mellom anna:

- ansvar for bestemte oppgåver knytt til medisinsk utstyr
- innsparing på 10 mill gjennom effektivisering
- avklart leveransemodell i ny områdestruktur
- etablert ein mobil plattform som støtter føretakas behov
- fått oversikt over kompetansen vår og lagt til rette for god bruk av denne
- felles forståing av smidig tankesett

Av dei som ikkje er ferdig levert er mellom anna:

- når og korleis ta i bruk sky på ein sikker og effektiv måte
- fjerna plunder og heft for brukarane
- heilskapleg og strukturert stillingskodeverk
- etablere grunnleggande tekniske basiskomponentar som kan gjenbrukas på tvers av utviklingsinitiativ

Konklusjon

Oppfølging av målsettingar gjennom bruk av OKR har vore nyttig, men ambisjonsnivået har vore litt for høgt, og det er behov for færre og tydelegare «Objectives» med færre «Key results» som skal følgast opp. Vi er nøgd med at mange har nådd målsettinga, det er levert innanfor fleire viktige område, noko som gir eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 15.03.2025

SAKSHANDSAMAR: Magne Rasmussen, Leif Nordland og Ole Jørgen Kirkeluten

SAKA GJELD: Årsrekneskap 2024

ARKIVSAK:

STYRESAK: 006-25 B

STYREMØTE: 02.04.2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner «Styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2024».
2. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2024.
3. Styret vedtek rapport om løn og anna godtgjersle for Helse Vest IKT AS for 2024.

Oppsummering

Det er i denne saka lagt fram forslag til styrets årsberetning for 2024, ferdig revidert årsrekneskap for 2024 og ferdig revidert rapport for godkjenning om løn og anna godtgjersle for 2024.

Representant for revisor vil delta i styremøtet under handsaming av denne saka.

Fakta

Viser til vedlegg 1 for styrets årsberetning for Helse Vest IKT AS, sidene 1 – 16.

Viser til vedlegg 1 for årsrekneskap for Helse Vest IKT AS, sidene 17 – 36.

Årsresultat for 2024 vart eit overskot på 0,4 mill. kr.

Etter allmennaksjeloven § 6-16 b, som også er gjort gjeldande for føretak med statleg eigarandel, skal styret i føretaket kvart rekneskapsår utarbeide ein rapport som gir ei samla oversikt over utbetalt og inneståande løn og godtgjersle til leiande personar som vert omfatta av retningslinjer definert i 6-16 a. Rapporten oppfyller dei krav som går fram av «Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer».

Viser til vedlegg 2 for rapport godkjenning om løn og anna godtgjersle for 2024.

Kommentarar

Framlegget til styrets årsberetning er basert på dokumentet «Årleg melding til Helse Vest RHF for 2024», jfr sak 064-24 i styremøtet 05.12.2024 (endeleg versjon vart oversendt Helse Vest RHF 14.01.2025).

Konklusjon

Årsrekneskap med notar for Helse Vest IKT AS for 2024 er lagt fram for styret til godkjenning.

Rapport om løn og anna godtgjersle Helse Vest IKT AS for 2024 er lagt fram for styret til godkjenning.


Styret har i dag handsama og vedtatt rapport for godtgjersle til leiande personar til Helse Vest IKT AS for rekneskapsåret 2024.

Det er påsett at godtgjersle til leiande personar er i henhold til føretakets vedtekter, statens retningslinjer og leiarløn i selskap med statleg eigarandel, allmenaksjeloven §6-16a og b, forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar og krav til leiarlønspolitikk i Statens eigarskapsmelding (meld.ST. 6 (2022-2023)).

Godtgjerslerapport vert lagt fram for ordinær Generalforsamling for endeleg vedtak.



Årsrekneskap 2024



Innholdsliste

Visjon, foretningssidé og styringsbudskap	3
Leiargruppa	4
Organisasjonskart	5
Årsberetning	6
Rekneskapsresultat 2022	14
Balanserekneskap 2022.	18
Kontantstraumoppstilling 2022	21



Om oss

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004. Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar.

Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Nøkkeltal

Antall tilsette:	798
Omsetning:	kr. 2 038 698 654
Antall system:	828
Antall brukere:	38 000

Kontakt

Bjørnsons gate 29
5052 BERGEN

55 97 65 00
postmottak@helse-vest-ikt.no
www.helse-vest-ikt.no
Org.nr: 987 601 787

Visjon

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlinga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.

Dei fire strategiske måla viser kva vi skal strekke oss mot - både i det daglege arbeidet og i den langsiktige styringa av selskapet.

- Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar.
- Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon.
- Vi har ein moderne digital grunnmur.
- Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette.

Styringsbodskap

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

Styret 2024: Kommer

Leiargruppa



Ole Jørgen Kirkeluten

Adm.direktør

Elektronikkingeniør frå Høyskolen i Bergen og sivilingeniør fra NTNU, etterutdanning innan prosjektleiing og endringsleiing. Erfaring frå telekom, energi, helse og finans.



Leif Nordland

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handels- høgskulen i Bodø. Tidlegare økonomi-sjef i Hummervoll AS og rekneskapsjef i Helse Bergen.



Ole F. Gulbrandsen

HR-leiar

Master Human Resource Management frå Universitetet i Nordland. Har tidlegare arbeid som HR-leiar og rådgjevar innan statleg- og kommunal sektor.



Kristin Farestvedt

Avd. leiar, Strategisk IKT

Bedriftsøkonom med tillegg frå BI, etterutdanning innan leiing, endringsleiing og organisasjonsutvikling. Erfaring frå shipping, IT, finans og helse.



Pål Gaute Sætre

Konst. avd. leiar, Verksemdsutvikling

Master i Informasjonsvitenskap frå UiB + utd frå Gimekollen mediehøgskole, BI og UiO. Tidlegare arbeida med utvikling av system i bank/finans i TietoEvry.



Gjertrud Fagerli

Avd. leiar, Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeid i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.



Ørjan Andersen

Avd. leiar, Tenesteutvikling

Hovudfag i informasjonsvitenskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.



Vidar Råheim

Avd. leiar, Regionalt EPJ-fagsenter

Master i helse og sosialinformatikk. Sjukepleiarbakgrunn frå Psykiatrisk klinikk, Medisinsk divisjon og Fag- og foretaksPÅL



Fredrik Eldøy

Avd.leiar, IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeid på UiB og hos EDB Business Consulting.



Harald Flaten

Avd. leiar, Tenesteproduksjon

Elektronikkingeniør frå NKIs Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.

Organisasjonskart

Fellestenester Økonomisjef Leif Nordland	Administrerende direktør Ole Jørgen Kirkeluten	HR HR-leiar Ole Fredrik Gulbrandsen
Strategisk IKT Avdelingsleiar Kristin Farestvedt	Tjenesteutvikling Avdelingsleiar Ørjan Andersen	IKT-fagsenter Avdelingsleiar Fredrik Eldøy
Arkitektur og løsningsdesign I Seksjonsleiar Thomas Hatlestad	Administrative system Seksjonsleiar Oddny Sønnesyn	Kundesenter Seksjonsleiar Thomas Yrvin
Arkitektur og løsningsdesign II Seksjonsleiar Tor Helland Kleppe	Kliniske system Seksjonsleiar Margunn Pile Torpe	Drifts- og sikkerhetssenter Seksjonsleiar Randi Solberg
Designrevet innovasjon Seksjonsleiar Kristin Farestvedt	LIBRA forvaltning Seksjonsleiar Fredrik Birkenfeldt	Applikasjonsstøtte Seksjonsleiar Elisabeth Skeide Larsen
Strategisk rådgivning Seksjonsleiar Guro Søyland Von Ubisch	Helselogistikk Seksjonsleiar Lars Jacob Hove	Tjenesteproduksjon Avdelingsleiar Harald Flaten
Virksomhetsutvikling Avdelingsleiar Pål Gaute Sætre	Drift- og støttesystem Seksjonsleiar Terje Bakkelund	Applikasjonsdrift Seksjonsleiar Christen Olav Dale
Integrasjon Seksjonsleiar Steinar Hamre	Regionalt EPJ Fagsenter Avdelingsleiar Vidar Råheim	Lokalstøtte Seksjonsleiar Tord Hovland
Utvikling Seksjonsleiar Magnhild Viste	Samhandling Seksjonsleiar Eli Johannessen	Arbeidsflate Seksjonsleiar Frode Langeland
Styringsdata Seksjonsleiar May Bodil Hope	Felles løysing Seksjonsleiar Kristin Whitehouse	Server og lagring Seksjonsleiar Anders Fredrikson
Prosjektledelse Seksjonsleiar Eirik Aaserød	Pasientjournal Seksjonsleiar Frode Nilsen	Datakommunikasjon Seksjonsleiar Andreas Espelid
Testsenter Seksjonsleiar Bente Saltnes	Legemiddel og kurve Seksjonsleiar Jon Terje Hauger	Tele og signal Seksjonsleiar Atle Knudsen
Teknisk prosjektledelse Seksjonsleiar Eirik Aaserød		IKT-utstyr Seksjonsleiar Jarle Simonsen
		IKT-sikkerhet Seksjonsleiar Knut Gjærde
		Database Seksjonsleiar Thomas Jakobsen
		Skytenester Seksjonsleiar Peter Galambos

Utviklingsplan – På veg inn i framtida

Endringar i forventningar, rammevilkår og utviklingstrekk er alle faktorar som påverkar oss i Helse Vest IKT. For at vi framleis skal vere ein attraktiv IKT-leverandør og samarbeidspartnar for sjukehusa i Helse Vest, må vi heile tida arbeide med å utvikle selskapet i tråd med desse endringane.

Utviklingsplanen set mål og retning for denne vidare utviklinga av Helse Vest IKT. Planen er på eit strategisk og overordna nivå, og peikar retning mot kva vi skal strekke oss etter. Den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge forutsetningane som ligg til grunn er gyldige. Gjeldande utviklingsplan vart vedteken av styret i Helse Vest IKT 9. desember 2023.

For at Helse Vest IKT skal kunne støtte den daglege drifta i sjukehusa gjennom velfungerande teknologi, er vi avhengige av å kunna tiltrekke, utvikle og behalde kompetente tilsette. Leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre! I utviklingsplanen vår, målbilete 4, heiter det: «Vi lykkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette». Helse Vest IKT har det siste året fått på plass ei rekkje tiltak for å levera på dette målbiletet: «Onboarding-program» for nytilsette, arbeidsmiljø-tiltaket «Ein bra dag på jobb», nytt program for lærlingar, rekrutteringsstrategi, ei tverrfagleg arbeidsgruppe for likestilling, inkludering og mangfald m.m. Det blir i desse dagar også arbeidd med ei felles leiarplattform for selskapet.



Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT.

Prosjekt SOLID har flytta LIBRA til ny driftspartner

Då LIBRA stod på ein utgåande serverpark var det nødvendig å sjå på nye løysingar for vidare drift. Det ble gjort analyser av forskjellige driftsmodellar, og det blei beslutta å inngå kontrakt med ein leverandør av både infrastruktur og SAP Basis drift. Det inneber at leverandøren står for investering i ny serverpark.

Helse Vest IKT skal ha ein solid driftspartner som sørger for at LIBRA er på ein moderne digital plattform med høg sikkerheit. Gevinstar prosjektet har jakta på:

- Auka sikkerheit, tilgjengelegheit og stabilitet
- Forbetra yting
- Senka tidsforbruk på oppfølging av leverandør ved å tilknyta seg en proaktiv og solid driftspartner
- Prosjektet skulle migrere alle SAP-system på vår plattform til ein ny driftsleverandør før juli 2024. Det skulle ikkje innførast nokon funksjonelle endringar.

Tidslinje

Mai 2023: Svar på RFI viste gode indikasjonar på marknads- og leverandørsituasjonen.

Juni 2023: Utsending av konkurranse.

Oktober 2023: Signering av kontrakt med Basis Consulting.

Mai 2024: Migrering av LIBRA ferdigstilt i god tid før driftsavtale på gammal plattform utgår.

Resultat

- Opplever forbetra yting og raskare respons på systemet.
- Oppgradert til eit høgare sikkerheitsnivå.
- Opplever godt samarbeid mellom leverandørane og Helse Vest IKT.

Ein langsiktig investering i cybersikkerheit

Helse Vest IKT er avhengig av ein sterk og robust sikkerhetsorganisasjon. Dette, kombinert med å imøtekomme lovpålagte krav, førte til behov for et eige Security Operations Center (SOC). Prosessen med å få tak i kvalifiserte kandidatar starta for 1,5 år sidan.

Helse Vest IKT er ikkje dei einaste som er på jakt etter gode folk som kan jobbe med sikkerheit. Kvalifisert personell er mangelvare og konkurransen er stor. Vi måtte derfor tenke nytt, og laga eit skreddarsydd rekrutteringsopplegg ved hjelp av eksterne og interne krefter.

Blant eit utval av 1000 søkarar, ble ni kandidatar uteksaminert etter 14 intensive veker på sikkerheitsakademiet Brights i Media City Bergen. Kandidatane har vore gjennom ein omfattande rekrutteringsprosess, følgt av eit intensivt utdanningsprogram.

Tirsdag 23. april var det offisiell opning av Helse Vest IKT sitt nye Security Operations Center (SOC). Senteret overvaker, forhindrar, oppdagar og handterer cybertrugslar med mål om å beskytte selskapet mot eventuelle cyberåtak. SOC-teamet i Helse Vest IKT består av 13 personer med ulik bakgrunn.



Tirsdag 23. april var det offisiell opning av Helse Vest IKT sitt nye Security Operations Center (SOC).

Oppgradering av pasientsignalserverar vart ein suksess

Takka vere godt oppgraderingsarbeid frå Tele og signal, Testsenteret, Meldingsvarslarprosjektet og Helselogistikk er det nå mogleg å få fleire bygg over på Imatis og å få pasientsignal fram i rett tid til riktig kliniske ressurs.

Med utrullinga av smarttelefonar og Imatis i føretaka, får tilsette pasientanrop, assistanseanrop og intern nødvarsel direkte på sin smarttelefon. Integrasjon mellom pasientsignal og Imatis er blitt ein tydeleg forventning hos føretaka.

Tele og Signal og Meldingsvarslarprosjektet har difor i lengre tid samarbeida med BEST pasientsignal for å få inn moglegheiter for betre gjenkjenning av rom, bygg og føretak i Imatis. I april 2024 lanserte BEST pasientsignalservere ein lenge etterlengta versjonsoppgradering til BEST Adapt serverane.

Krevjande logistikk

For å få til oppgraderinga måtte Helse Fonna, Helse Stavanger og Helse Førde, saman med Testsenteret, Tele og signal og Meldingsvarslarprosjektet på kort tid mobilisere ressursar. Versjonsoppgraderingen kravde nemleg ein samtidigheit på tvers av føretaka. Tele og Signal sendte difor ressursar saman med Testsenteret på tvers av fylkesgrensene og stod parat for testing så snart oppgraderinga var gjennomført måndag 27. mai.

Oppgraderinga var vellukka, og ein fekk raskt avdekka feil i kommunikasjon mellom BEST og Imatis. Takka vere iherdig innsats frå Helselogistikk, som gjennomførte to naudendingar utan nedetid, gjekk dette bra.

All testing måtte gjerast i full drift, og i overkant av 20 ressursar frå Helse Vest IKT og føretaka bidrog. Dette stilte krav til både organisering og effektivitet i gjennomføringa. Samla sett skulle ein teste omtrent 790 panel to gonger for å sikre at både pasientanrop og assistanseanrop kom fram som dei skulle i Imatis på rolletelefonane.

All testing var slutført tysdag 28. mai klokken 15:00.

Byggstøtte IKT i mål med Livabygget i Førde

Livabygget er eit toppmoderne somatisk sjukehusbygg, der ein finn att IKT på dei fleste områder. Det har difor vore svært mange leveransar som måtte på plass innan drifta kunne starte opp. Takka vere innsats frå mange kollegaer i heile Helse Vest IKT har innflyttinga i Livabygget gått veldig fint, og arbeidet ble fullført to dagar før fristen.

Byggstøtte IKT har som mål å alltid levere på tid, kost og kvalitet i prosjekter for kundar i Helse Vest, og dei har jobba mykje og hardt med fleire deler av leveransen. Blant annet var implementeringa av operasjonsstøttesystemet Brainlab i Helse Vest sin infrastruktur både komplisert og arbeidskrevjande.

På mobilitetsfronten har prosjekt Meldingsvarsling i Byggstøtte levert ein god og omfattande løysing for meldingsvarsling via Imatis, som er utvikla i tett dialog med sluttbrukarane. Gode leveransar frå linja i Helse Vest IKT har vore heilt avgjerande. Lokalstøtte, Datakom og Tele og signal har utmerka seg, og prosjekta STERIOP og Sporing og lokalisering har levert sentrale løysingar til det nye bygget. Testarbeidet har også vore heilt uunnverleg, og har vore ein avgjerande faktor for at oppstarten av det nye Livabygget gjekk så bra som det gjorde.



*Livabygget ved Førde
sentralsjukehus opna tysdag
20. august 2024.*

Meldingsvarslingsprosjektet sine leveransar

Året 2024 starta med høgt tempo for Meldingsvarslingsprosjekt.

Første halvår resulterte i tre store og ein mindre leveranse av høg kvalitet til rett tid, herunder Haraldsplass, ei stor oppgradering av BEST regionalt og over tusen konfigurasjonsendringar.

Andre halvår sette vi inn alle krefter på fleire ulike leveransar til Helse Førde Livabygget, og delte løysingane mot andre bygg. Med godt samarbeid internt i Helse Vest IKT og med helseføretaka, samt stor motivasjon, hadde også haustleverasane høg kvalitet til rett tid.

KI innan bildediagnostikk

KI innan bildediagnostikk er applikasjonar som er ferdig trent innan eit spesifikt diagnostisk område og brukast for å tolke bilete. Resultatet av tolkinga vert brukt som beslutningsstøtte for dei som tolkar bileta, og kan avlaste ein travel kvardag.

Dette skal i første omgang takast i bruk på radiologisk avdeling i Stavanger og på skadepoliklinikken i Bergen Helsehus. Den store fordelene med plattformen ein skal prøve ut, er at den er tett integrert med det bildesystemet radiologane allereie brukar. Det betyr at dei ikkje treng lære seg eit nytt verktøy, men får resultat av KI-løysinga si bildetolking lett tilgjengeleg i si vanlege arbeidsflate. Dersom utprøvinga vert vellukka, kan dette opne for at ei slik integrasjonsplattform kan nyttas av andre sjukehus og for andre spesialiseringar innan radiologi.

KI-applikasjonane køyrast i serverar i sky hos dei store leverandørane av skytenester. Pasientinformasjon i bileta blir beskytta gjennom å pseudonymisere disse før dei blir sendt til KI-applikasjonen i sky. Når KI-applikasjonen har tolka biletet, og resultatet er sendt i retur, så blir bilete sletta i sky. Resultatet blir lagra saman med den opprinnelege bildeundersøkinga i det felles digitale mediearkivet Sectra.

«Pasientens journaldokument» vinner av eHelseprisen

Det banebrytande nasjonale samarbeidsprosjektet «Pasientens journaldokument» har vunne årets eHelsepris, utdelt av Den norske dataforening.

Helse Vest har hatt ei sentral rolle i prosjektet gjennom lang tid, og eHelseprisen er ei fantastisk anerkjenning av det gode arbeidet som er lagt ned både i Helse Vest og nasjonalt. I uttalen frå juryen står det at Pasientens journaldokument, som løysing gjennom Kjernejournal, representerer eit paradigmeskifte.

Løysinga sikrar trygg deling av journaldokument mellom helseinstitusjonar. I løpet av 2024 har fleire helsepersonellgrupper fått tilgang til tenesta.

Kryssar målstreken etter 15 år: Unilab på plass i Helse Vest

Alle føretaka i Helse Vest, Haraldsplass og Betanien har no eit felles lab-system. Prosjektet starta i 2009, då med oppstart i Bergen. Måndag 26. februar 2024 var siste familiemedlem frå Helse Fonna på plass.

Unilab er eit fleksibelt lab-system som gir støtte til arbeidsprosessar, og oversikt over pasientens prøvesvar. Det held styr på bestillingar av prøver og prøvetakingar, og gjer det sporbart kor i prosessen prøven er til ein kvar tid.

Randi Monsen Nygaard, sjefbioingeniør på Mikrobiologisk avdeling ved Laboratorieklinikken på Haukeland, kan bekrefte at lab-kvardagen er blitt enklare. Dei var dei første som tok i bruk Unilab for 15 år sidan. Sidan då er Unilab kommen på plass i Førde, Nordfjordeid, Lærdal, Betanien, Stavanger, Haraldsplass, - og nå Haugesund, Odda og Stord. Totalt sett handterer det no over 30 millionar pasientprøver i regionen i året.


DIPS rett i lomma

Arena Mobil gir helsepersonell rask tilgang til journalinformasjon frå DIPS. Måndag 28. oktober dukka den nye mobil-appen opp på Helse Vest-telefoner.

Med Arena Mobil kan helsepersonell få direkte tilgang til informasjon om den enkelte pasient og ha journalen med seg i lomma. Man kan forberede seg på gangen, notere mens man står ved senga, og bli varslet om prøvesvar medan man går runden.

Utvalde brukarar i alle føretaka har prøvd ut Arena Mobil i forkant av innføringa, og gjort seg nokon erfaringar. Her vert det mellom anna trekt fram at appen kan vere til stor nytte under pasientsamtaler. Då kan dei raskt ta fram mobilen og sjekke historikken deira og svare på vanlege spørsmål. Alt frå kva planlagde avtalar dei har, til svar på prøvar og undersøkingar.

Appen skal ikkje erstatte DIPS Arena på PC, men gjere det mogleg å løyse oppgåver som er hensiktsmessig å løyse på ein mobiltelefon.



Menyen i Arena Mobil-appen. Her får helsepersonell tilgang til nyttige funksjonar direkte i appen.

Helse Vest IKT 20 år

I Dokument 3:2 (2021–2022) Riksrevisjonenes undersøkelse av helseforetakenes investeringer i bygg og medisinsk-teknisk utstyr omtalte Riksrevisjonen tilstandsgrad og omfang av investeringar i bygg. Undersøkinga viste til behov for betre oversikt over medisinsk-teknisk utstyr i helseføretaka.

Det går føre seg ei rekke forbetringstiltak på pasientreiseområdet, til dømes ny rekvisisjonspraksis og løysing for innmelding av avvik og klage. For å lukkast med dei nye løysingane, og ta ut dei forventede gevinstane, må helseføretaka i samarbeid med Pasientreiser HF bidra aktivt og støtte opp om tiltaka.

9.1.1 Oppdrag

Nr.	Tittel	Oppdrag
21	Dokument 3:2 (2024–2025) <i>Riksrevisjonens treårsoppfølgingsundersøkelse av helseforetakenes forebygging av angrep mot sine IKT-systemer</i>	Helse Vest IKT AS og helseføretaka skal følge opp Riksrevisjonen sine funn, merknader og tilrådingar frå 3-årsoppfølgingsundersøkinga om forebygginga helseføretaka gjer av åtak mot IKT-systema sine. Dette inneber å forbetre sikker tilgangsstyring og autentisering av brukarar, og sikker konfigurasjon, vidareutvikle kontroll med einingar i nettverket og vidareutvikle overvaking som kan oppdage vondsinna aktivitet. Vidare må det arbeidast med å handtere sikkerheitsutfordringar knytte til medisinsk-teknisk utstyr og utvikle sikkerheitskulturen.
22	Samfunnsansvar – klima og miljø	Helse Vest IKT AS og helseføretaka skal i tråd med nye felles klima- og miljømål arbeide med å redusere unødvendig forbruk og auke ombruk og materialgjenvinning. Som eit verktøy i arbeidet viser vi til <i>Tiltaksbanken frå Grønt sykehus og Veikart mot en bærekraftig, lavutslipps og klimatilpasset helse- og omsorgstjeneste</i> .

10. Oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF der Helse Vest IKT AS kan bli bedne om å bidra

Nokre av oppdraga Helse Vest RHF har mottatt frå Helse- og omsorgsdepartementet blir ikkje direkte vidareført til Helse Vest IKT AS, men bør likevel vere kjende for selskapet. Helse Vest IKT AS kan gjennom året bli bedne om å bidra i arbeidet med desse oppdraga, etter nærare førespurnad.

I 2025 gjeld dette følgande oppdrag:

10.1.1 Oppdrag

Nr.	Tittel	Oppdrag
23	Arbeidsmiljø og ForBetring	Dei regionale helseføretaka skal vurdere utvikling av felles indikatorar for HMS og arbeidsmiljø, og sjå det i samanheng med oppdrag knytte til pasienttryggleiksindikatorar. Undersøkinga ForBetring skal også brukast til meir overordna regionale analysar og utviklingsarbeid.

Nr.	Tittel	Oppdrag
24	Pasientreiser	- <u>Ny rekvisisjonspraksis:</u> Helseføretaka skal, saman med Pasientreiser HF, ta i bruk ny rekvisisjonspraksis, selvbeteningsløysing og attestasjonsløysing i 2025, slik at forventa gevinstar for brukarane, behandlarane og helseføretak kan bli oppnådd. - <u>Innmelding av avvik og klage:</u> Helseføretaka skal, saman med Pasientreiser HF, pilotere og implementere løysinga som skal gi innbygger moglegheit til å melde inn eit avvik eller ein klage på selvbeteningsløysinga. - <u>Serviceparametrar:</u> Helseføretaka skal følge opp og rapportere utviklinga på felles regionale serviceparametrar. - <u>Planlegging og optimering:</u> Pasientreiser HF skal starte eit utviklingsløp med mål om å løyse behova for felles planlegging av pasientreiser med rekvisisjon, samtidig som gevinstar og brukareffektar blir realisert undervegs i arbeidet. Helseføretaka skal bidra i dette arbeidet.
25	Pasienten sine måledata	Helse Sør-Øst RHF skal på vegner av helseregionane ha ei leiarrølle i utprøving av deling av måledata (digital heimeoppfølging og velferdsteknologi) i samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Andre regionar deltek i samsvar med planane sine for digital heimeoppfølging.
26	Digitalt helsekort for gravide	Helse Sør-Øst RHF skal på vegner av helseregionane delta i ei utprøving av eit digitalt helsekort for gravide.
27	Legge til rette for forenkla registrering i reviderte pasientforløp	Helse Vest RHF skal forenkle og automatisere løysingane for koding av reviderte pasientforløp psykisk helse og rus, med sikte på oppstart av rapportering frå 2026. Det blir vist til Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for ny koderettleiar og rutinar og fristar for innsending av opplysningar. Frist: 16. mai 2026
28	Betre bruk av helsedata	Helse Vest RHF skal: - Gjennomføre tiltak for automatisert datafangst og innføre nasjonale fellestenester for nye medisinske kvalitetsregister, medrekna rapportere og oppdatere metadata til nasjonal variabelkatalog. - Delta i arbeid med å avklare kodeverk, terminologi og standardar for prioriterte helseopplysningar, blant anna for å gjere automatisk innrapportering av helsedata enklare å oppnå.

Nr.	Tittel	Oppdrag
29	Sikkerheit og beredskap	De regionale helseføretaka skal delta i arbeidet med revisjonen av nasjonalt beredskapsplanverk, øving <i>Digital 2025</i> og førebuingar til totalforsvarsåret 2026.
30	Fast årleg rapportering på forskning og innovasjon	Departementet viser til fast årleg rapportering på forskning og innovasjon gjennom rapporten <i>Forskning og innovasjon til pasientens beste – Nasjonal rapport fra spesialisthelsetjenestene</i> . For 2025 skal regionane prøve ut rapportering på ny indikator for innovasjonsaktivitet.

11. Ressursgrunnlag og finansieringsmodell

11.1 Finansieringsmodell

Finansieringa av selskapet er basert på ein prismodell der det er samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prisingsmodell som gir god samanheng mellom aktivitet og kostnader i selskapet.

11.2 Balansekrav

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for at kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene.
- gjennom god verksemdstyring medverke til at det blir samordningsgevinstar i føretaksgruppa.

Resultatkravet for Helse Vest IKT AS for 2025 er fastsett til 1 mill. kroner.

12. Oppfølging og rapportering

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følge opp utviklinga i tenestene, og det er etablert eit system for rapportering for å sikre dette.

Så langt det er mogleg vil automatiske datainnsamlingsrutinar bli nytta i samband med rapportering for å redusere rapporteringsbyrda for helseføretaka, som til dømes datainnsamling frå nasjonale eller regionale løysingar.

Helse Vest IKT AS har i tillegg eit ansvar for å melde frå til eigar om vesentlege avvik jamført med planlagd målsetjing. Dette gjeld òg eventuelle avvik frå framdriftsplanen og kostnadsramma for større prosjekt. Helse Vest RHF minner òg om tidlegare eigarkrav, som framleis er gyldige for verksemda utan at dei er særskilt omtalte, eller at det er stilt krav om rapportering i 2025.

12.1 Månadleg rapportering

Etablert praksis for månadleg rapportering frå verksemda blir vidareført i 2025, og skjer etter dei tidsfristar som er kommunisert til helseføretaka i økonomihandboka.

Rapporteringa skjer hovudsakleg gjennom rapportar i Styringsportalen/regionale datavarehusløyisingar. I tillegg skal mellom anna kommentarar knytt til økonomisk utvikling og status på eventuelle korrigierende tiltak rapporterast. Økonomirapportar skal behandlast av styra så raskt det lèt seg gjere, slik at eventuelle korrigierende tiltak kan bli sette i verk utan unødig opphald.

Eigar har stilt krav om rekneskapsføring etter felles prinsipp i helseføretaksgruppa. Det er utarbeidd ei felles nasjonal rekneskapshandbok for utarbeiding av rekneskapen.

12.2 Årleg melding

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2026.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er **15. januar 2026**. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast på mål og oppdrag for 2025 i styringsdokumentet. For oppdrag som går fram av kapittel 10.1.1 skal det berre rapporterast på dei oppdraga der det er relevant. I løpet av hausten 2025 vil det bli sendt ut ein mal for årleg melding som Helse Vest IKT AS skal bruke.

12.3 Årsrekneskap og årsberetning

Heile føretaksgruppa skal legge fram rekneskap og årsberetning i medhald av rekneskapslova. I økonomihandboka er det sett egne fristar for gjennomføring av årsoppgjeret.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.03.2025
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Omdanning Helse Vest IKT AS til HF**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 009-25 B

STYREMØTE: 02.04.2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helse Vest RHF vil endre Helse Vest IKT frå eit aksjeselskap til eit helseføretak. På den måten vil Helse Vest IKT bli ein meir integrert del av føretaksgruppa i Helse Vest. Styret i Helse Vest RHF ba om at det blir sett i verk ein prosess for å omdanne Helse Vest IKT AS frå aksjeselskap (AS) til helseføretak (HF). Saka vart handsama i styret for Helse Vest RHF 5. mars 2025 (vedlegg 1).

Fakta

Frå opprettinga av selskapet i 2004 har Helse Vest IKT vore eit aksjeselskap, eigd av Helse Vest RHF.

Dette vert gjort for å styrkje samarbeidet i føretaksgruppa. Oppdraget til Helse Vest IKT vil vere det same. Dette inneber inga omorganisering i verksemda. Helse Vest IKT vil bli ein meir integrert del av føretaksgruppa i Helse Vest. Dei vil vere underlagt same regelverk som dei øvrige helseføretaka, og blant anna kunne følgje same regime for berekraft.

For medarbeidarane i Helse Vest IKT vil arbeidsoppgåvene, ansvarsområda, arbeidsforholda og arbeidsavtalane vere dei same. Det betyr blant anna at pensjonsrettar, tariffavtalar og overeinskomstar ikkje blir endra av dette. Reglane vernar dei tilsette. Arbeidsgivars rettार og plikter som følger av arbeidsavtalen eller arbeidsforholdet på tidspunktet for overdraginga, blir overførte til den nye arbeidsgivaren (jamfør arbeidsmiljøloven § 16-3).

Kommentarar

IKT-einingane i dei andre helseregionane, Sjukehuspartner, Helse Nord IKT og Hemit, er allereie etablert som helseføretak. Omdanninga av Helse Vest IKT vil skje i løpet av 2025.

Konklusjon

Styret i Helse Vest RHF vil gjere eit endeleg vedtak om endringa i løpet av året.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.02.2025
SAKSHANDSAMAR: Ann-Elin Djuvik Kro
SAKA GJELD: **Omdanning av Helse Vest IKT AS frå aksjeselskap (AS) til helseføretak (HF)**

ARKIVSAK: 2025/225
STYRESAK: 032/25

STYREMØTE: 05.03. 2025

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF ber om at det blir sett i verk ein prosess for å omdanne Helse Vest IKT AS frå aksjeselskap (AS) til helseføretak (HF).

Oppsummering

Saka blir fremja på bakgrunn av at det er vurdert som formålstenleg at Helse Vest IKT blir organisert som eit helseføretak etter helseføretakslova. Det er fleire omsyn som støttar opp om ei slik endring, blant anna knytt til harmonisering av eigarstyring, og at verksemda i større grad vil stå fram som ein integrert del av den offentlege spesialisthelsetenesta.

Det blir i saka tilrådd at styret gir sin tilslutning til at det blir sett i verk ein prosess for å omdanna Helse Vest IKT frå eit aksjeselskap (AS) til helseføretak (HF).

Fakta

Bakgrunn for saka

Helse Vest IKT AS blei stifta i 2004 og er etablert som eit aksjeselskap etter føresegnene i aksjelova. Helse Vest RHF er eineeigar av alle aksjar i selskapet.

Helseføretaklova § 42 definerer ansvarsform for verksemd eigd av regionalt helseføretak. Bakgrunnen for at Helse Vest IKT blei stifta som eit aksjeselskap, er at ordlyden i føresegna, på tidspunktet for stiftinga, avgrensa kva organisasjonsforma ein kunne nytte. Underliggjande verksemder som fremja formålet til det regionale helseføretaket, men som ikkje direkte utførte spesialisthelseteneste, måtte *organisierast som selskap med avgrensa ansvar*.

Ved ei lovendring som tok til å gjelde frå 1. januar 2013, jf. Prop. 120 L (2011-2012), blei det opna for at også verksemder som ikkje yter spesialisthelsetenester kan organiserast som helseføretak. Vilåret er at verksemda er ein nødvendig og sentral føresetnad for å kunne yte spesialisthelsetenester.

Kommentarar

Spørsmålet om omdanning av Helse Vest IKT frå aksjeselskap til helseføretaka har vore til vurdering over noko tid og må sjåast i samanheng med korleis utvikling av bruk av organisasjonsform i spesialisthelsetenesta har utvikla seg i åra etter lovendring i 2013.

I åra før 2013 var situasjonen slik at ulike selskap hadde organisasjonsform som i det vesentlege var eit resultat av når det var stifta. Etter 2013 har helseføretaksforma blitt nytta der det er mogleg. I dag er bilete slik at alle andre regionale IKT-einingar er etablert som helseføretak, og alle dei felleseigde verksemdene er anten stifta som helseføretak eller blitt omdanna til helseføretak.

Det blir lagt til grunn at dersom Helse Vest IKT hadde blitt etablert etter 2013 ville verksemda blitt organisert som eit helseføretak.

Det er også fleire andre moment som taler for at det no blir gjennomført ein omdanning. Først og fremst vil ein slik omdanning bidra til ein forenkling av eigarstyringa ved at den blir harmonisert med andre verksemder som Helse Vest RHF utøver eigarstyring ovanfor. Som eit helseføretak vil Helse Vest IKT også på ein tydelegare måte stå fram som ein integrert del av

føretaksgruppa.

Som omtala i tilknytning til administrerande direktør si orientering punkt 7 i styremøte 12. februar 2025 er tidspunktet for å iverksette ein omdanning også motivert av at Helse Vest IKT AS vil vere omfatta av nye lovreglar om pliktig berekraftsrapportering etter rekneskapsloven § 1-5, fjerde ledd. Slik rapportering vil medføre bruk av betydelege ressursar i selskapet. Helse Vest RHF finner det ikkje formålstenleg at Helse Vest IKT AS blir underlagt eit anna berekraftsregime enn det som elles vil gjelde for føretaksgruppa. Helse Vest RHF har fått opplyst at det blir arbeidd med egne reglar og krav for berekraftsrapportering for offentlig sektor, og det er naturleg å legge til rette for at også Helse Vest IKT blir underlagt desse reglane.

Når det gjeld vidare prosess, er hovudregelen etter aksjelova at omdanning av aksjeselskap til ei anna selskaps- eller eigarform krev at selskapet blir oppløyst etter reglane i aksjelova, og blir stifta på ny etter reglane for den selskaps- eller eigarforma selskapet skal gjerast om til. Endring av juridisk organisasjonsform der verksemd og tilhøyrande eigedelar og gjeld blir overdratt til anna organisasjonsform må i dette tilfellet dermed gjerast på følgjande måte:

1) Stifting av HF jf. helseføretaklova § 9

Det må opprettast eit nytt helseføretak jf. helseføretaklova § 9, ved at styret i Helse Vest RHF gjer vedtak i tråd med dei formkrav som går fram av lova.

2) Overføring av verksemda

Når helseføretaket er oppretta, må verksemda i aksjeselskapet overførast. Ein slik overføring kan gjennomførast som utdeling frå aksjeselskapet, og der utdelinga i stiftingsvedtaket blir ført inn som innskotet til eigarane jf. helseføretaklova § 9 pkt. 3.

Utdeling frå eit aksjeselskap kan skje etter reglane om *tilbakebetaling etter oppløysing*, jf. aksjelova § 3-6. Utdeling til aksjeeigarar etter oppløysing blir regulert i aksjelova § 16-9. I medhald av helseføretakslova § 50 blir heile verksemda overført etter kontinuitetsprinsippet, og det overtakande føretaket trer inn i rettsforholdet i det overdragande selskapet. Eigar treng ikkje gjere opp sine forpliktingar ved oppløysing av aksjeselskapet all den tid kreditorane følgjer med til det nystifta helseføretaket der deira interesse vil vere sikra i same grad.

3) Oppløysing jf. kapittelet til aksjelova 16

I samband med, og som ein føresetnad for, utdelinga beskrive ovanfor, blir aksjeselskapet oppløyst i tråd med føresegnene i aksjelova.

4) Verksemdsoverdraging

Ei overføring av verksemda frå aksjeselskap til det nystifta helseføretaket utgjer ei verksemdsoverdraging og stiller krav til etterleving av kapittel 16 i arbeidsmiljølova.

Reglane regulerer eit vern for dei tilsette, der *arbeidsgivars rettar og pliktar som følgjer av arbeidsavtale eller arbeidsforhold som ligg føre på det tidspunktet overdraginga finn stad, blir overførte til den nye arbeidsgivaren*, jf. arbeidsmiljøloven § 16-3.

Vidare stiller arbeidsmiljølova kapittel 16 opp krav til prosessen, under dette reglar om reservasjonsrett og informasjonsplikt til tillitsvalde og tilsette.

Konklusjon

Administrerende direktør vil tilrå at styret gir sin tilslutning til at det blir sett i verk ein prosess med tanke på omdanning av Helse Vest IKT AS frå eit aksjeselskap til helseføretak. Styret vil bli invitert til å gjere endeleg vedtak i samband med at det blir lagt fram sak om stifting av Helse Vest IKT HF. I endeleg sak vil andre administrative og økonomiske konsekvensar som følgje av omdanning bli omtala.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 26.03.2025
SAKSHANDSAMAR: Harald Løbersli, Leif Nordland
SAKA GJELD: Økonomisk langtidsplan Helse Vest IKT for 2026 - 2030

ARKIVSAK:
STYRESAK: 010/25 0

STYREMØTE: 02.04.2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka gitt ei løypemelding i arbeidet med økonomisk langtidsplan for 2026-2030. Forslag til økonomisk langtidsplan vil bli lagt fram for styret til vedtak i styremøtet 08.05.2025.

Administrasjonen har hatt dialog med digitaliseringsområda, byggeprosjekt og HF-a for å få innspel og avklaringar i arbeidet med langtidsplanen.


Fakta

I rapporten «Ressursbruk på IKT i helseregionene og nasjonale virksomheter 2022-2023» frå Helse Vest, kjem det fram at kostnadsnivået er lågast i Helse Vest. Dette gjeld både dersom kostnadar blir målt som del av totalt driftsbudsjett, og når kostnadane blir delt per tilsett i heile regionen. Rapporten er ikkje ein «benchmark», men differansane mellom RHF-a viser i tilstrekkeleg grad ein indikasjon på at Helse Vest for 2023 har det lågaste kostnadsnivået. Det er i tillegg godt grunnlag for å hevde at Helse Vest har den mest samanhengande regionale porteføljen av løysingar samanlikna med Helse Sør-Øst og Helse Nord.

Helse Vest IKT

Ressursbruk på IKT i helseregionene og nasjonale virksomheter 2022-2023

IKT-kostnader som andel av totale driftskostnader (2019-2023)




Figur 11: Figuren viser IKT-kostnader som andel av de totale driftskostnadene, som oppgitt i årsregnskapene til helseregionene

Driftskostnader Helse Vest RHF 2023: 34,7 mrd. kr.
For 2023 er differansen i mill. mellom Helse Vest og øvrige RHF

Region	Differanse	Mill. kr.
Helse Sør-Øst	0,6 %	208 114
Helse Nord	0,7 %	242 799
Helse Midt-Norge	1,6 %	554 970

Følsomhet Intern (gul)

IKT-kostnader per årsverk (2019-2023)



Figur 10: Figuren viser IKT-kostnader per årsverk i helseregionene

Med bakgrunn i historisk kostnadsnivå og dagens systemlandskap, er Helse Vest i posisjon til å betre dagens løysingar, innføre enkelte regionale KI-løysingar, legge til rette for mobilitet, samt prioritere andre initiativ utan ei høgare kostnadsauke enn det har vore historisk.

Historisk utvikling i IKT-driftskostnader:

Bakgrunnstall totaløkonomi	2020	2021	2022	2023	2024	prosentvekst
Sum driftskostnader reknekap Helse Vest IKT	1 228	1 349	1 538	1 700	1 941	
årleg vekst (inkl løns- og prisvekst)		121	189	162	241	58 %
Sum deflatorjusterte driftskostnader	1 457	1 539	1 710	1 840	2 024	
årleg vekst, deflatorjustert		82	171	130	184	39 %

Helse Vest IKT har hatt ei auke i driftskostnadane (utan finans) i førre langtidsperiode på noko under 40%.

Drift av løysingar utanfor eigen organisasjon (t.d. Norsk helsenett) er lagt inn saman med ramme for digitalisering og ordinær drift, men det er stor usikkerheit i estimat på årlege kostnader.

Kommentarar

Digitaliseringsområda

Anbefaling til økonomisk langtidsplan for digitaliseringsområda vart handsama i Digitaliseringsstyret 27. januar 2025, 10. mars 2025, og 20. mars 2025. Digitaliseringsstyret la vekt på å redusere kostnadsveksten i langtidsperioden, og områda må tilpasse ambisjonsnivå og prioritere innanfor tildelt ramme. Anbefalt ramme for utvikling i 2026 og 2027 er redusert i forhold til budsjett 2025.

Digitaliseringsstyret anbefalte følgjande ramme for digitaliseringsområda i langtidsperioden:

Digitaliseringsområda får ei ramme til utvikling i drift på 140 mill. kr i 2026, og 170 mill. kr i 2027, med ei totalramme til utvikling på 500 mill. kr. Deretter blir totalramme for investering og drift auka til 550 mill. kr årleg. Ramme for utvikling vil med dette vere på same nivå som i 2023, men lågare enn i 2024 og 2025, noko som vil vere mest utfordrande for utvikling i drift. Områdestyra kan òg vurdere moglegheit for innsparing i forvaltning, noko som kan gi rom for meir utviklingsaktivitetar.

	Investering	Drift	Sum
2026	360	140	500
2027	330	170	500
2028	300	250	550
2029	275	275	550
2030	250	300	550

Ramme til investering:

Digitaliseringsområder budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Investeringer	401	360	330	300	275	250

Investeringsbudsjettet viser en nedgang på 151 mill. kr i langtidsperioden, tilsvarande -38%.

Ramme til driftskostnader:

Digitaliseringsområder budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Utviklingsramme - drift	172	140	170	250	275	300
Følgkostnader av utvikling investering	-	38	111	177	238	293
Følgkostnader av utvikling drift	-	15	28	43	66	91
Forvaltningskostnad - avskrivninger	210	217	218	204	177	132
Forvaltningskostnad - andre kostnader	691	735	759	751	751	751
Sum driftskostnader	1 073	1 146	1 286	1 425	1 506	1 566

Driftskostnader viser ei auke på 493 mill. kr. i langtidsperioden, tilsvarande 46%.

Samla nivå på ramme til investering og driftskostnader i langtidsperioden:

Digitaliseringsområder budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Ramme til investeringer	401	360	330	300	275	250
Ramme til driftskostnader	1 073	1 146	1 286	1 425	1 506	1 566

Byggstøtte og byggeprosjekt

Langtidsplan for byggeprosjekt er avklart i dialog med dei lokale byggeprosjekta i kvart HF. Innflytting i nytt sjukehus i Stavanger er planlagt i november 2025, og ein vil ha vesentleg mindre aktivitet i 2026 som følgje av dette.

Byggstøtte IKT (inkl meldingsvarslar)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Helse Stavanger	38 102	7 214	9 714	7 753	8 253	2 806
Helse Fonna	6 333	6 417	3 617	1 591	1 591	1 373
Helse Førde	1 593	1 795	2 252	1 620	1 620	1 449
Helse Bergen	8 075	12 859	12 555	11 996	11 996	11 309
Haraldsplass	302	340	340	340	340	340
Sum	54 406	28 625	28 478	23 300	23 800	17 277

Som ei følgje av redusert aktivitet i byggeprosjekta vil det òg vere redusert behov for bemanning til byggeaktivitet i langtidsperioden.

IKT-tenester (inklusive byggstøtte og byggeprosjekt)

Innanfor IKT-tenester er det to satsingsområde som vil bli prioritert høgt:

- Brukarvennlege og heilskaplege løysingar
 - mobilitet
 - integrasjonar
 - identitets- og påloggingsløysingar
- Beredskap og sikkerheit
 - mikrosegmentering
 - gjenopprettingsmiljø
 - beredskapsplanar

I dei nye sjukehusbygga er det lagt opp til at helsepersonell har tilgang til pasientinformasjon, varslingar, bestillingsløysing, medisinhandtering m.m. når dei er inne på pasientrom, eller i andre lokale. Dette stiller nye krav til mobile løysingar, og det er innført mykje ny funksjonalitet i tavleløysingar, medisinske traller og mobiltelefonar/nettbrett. I denne samanhengen er det viktig at løysingane er brukarvennlege og heilskaplege, og her vil Helse Vest IKT prioritere arbeid med integrasjonar og kontekstsynkronisering, trygg pålogging, og meir brukarvennlege løysingar.

Innanfor beredskap og sikkerheit har trusselbiletet mot spesialisthelsetenesta auka, og sikkerheitssituasjonen i Noreg er meir krevjande enn på lenge. Som ei følgje av dette må vi legge vekt på robustheit og beredskap i ein digitalisert kvardag.

Helse Vest IKT følgjer råda frå NSM og HelseCERT i arbeidet med betra risikostyring, og vil i langtidsperioden prioritere auka sikkerheit gjennom meir phishing-resistent autentisering, auka kapasitet og kompetanse på overvaking og deteksjon, samt andre relevante tiltak.

I dei prioriterte satsingsområda vil det vere behov for å auke kapasitet og kompetanse, investering i infrastruktur, samt automatiserte løysingar.

Det er òg sett i gang eit arbeid rundt beredskap for å vurdere kva nivå og kapasitet ein skal planlegge for ved eit stort bortfall av det Helse Vest IKT leverer. Arbeidet er ikkje ferdig, og ein har ikkje tatt inn ekstra budsjett for dette i økonomisk langtidsplan.

I tillegg er det fleire andre område som vil endre kostnadane vesentleg i langtidsperioden, både gjennom auke i lisens-, support- og vedlikehaldsavtalar, og behov for meir kapasitet:

- ny nasjonal avtale med Microsoft frå 2026
- gradvis ta i bruk Copilot i føretaka
- ny nasjonal avtale om VMware frå 2025
- ny nasjonal avtale om Oracle Exadata
- auka bruk av Microsoft Azure skytenester
- erstatte integrasjonsplattforma Biztalk

I løpet av 2024/2025 vil ny datahall i Bergen, ny datahall i Stavanger, offline back-up, og IKT-infrastruktur i nye bygg i Stavanger og Førde vere ferdig levert. Dette inneber at Helse Vest har ein moderne og oppdatert serverpark, og at det vil vere mindre behov for investeringar i langtidsperioden. Desse investeringane gir ei vesentleg auke i avskrivingskostnaden frå 2025/2026.

Fleire av dei store systemleverandørane har signalisert at dei vil gå over til meir skybaserte løysingar i slutten av langtidsperioden, og som eit resultat av det er budsjettet for investeringar i infrastruktur redusert.

IKT-tenester budsjett investering (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Investeringer infrastruktur	141	120	120	120	110	100
Investeringer ny datahall	55	0	0	0	0	0
Foretaksvisse investeringer	17	12	12	12	12	12
Digital Plattform	20	15	15	15	15	15
Sum investeringer	233	147	147	147	137	127

Investeringsbudsjettet viser ein nedgang på 106 mill. kr i langtidsperioden, tilsvarende -46%.

Driftskostnadar på IKT-tenester aukar som følgje av auke i avskrivningar, og som følgje av auka lisens-, support- og vedlikehaldsavtalar, medan ressursbruk til byggtenester vert redusert.

IKT-tenester budsjett drift (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Følgkostnader - avskrivinger	0	35	58	82	104	125
Følgkostnader - support og vedlikehold	0	2	3	4	5	6
Følgkostnader - forvaltning	0	-17	-17	-22	-21	-28
Forvaltningskostnad - avskrivinger	131	116	97	87	70	55
Forvaltningskostnad - andre kostnader	842	885	911	918	920	920
Sum driftskostnader	973	1 022	1 053	1 068	1 077	1 077

Driftskostnader viser ei auke på 104 mill. kr. i langtidsperioden, tilsvarende 11%.

Samla nivå på ramme til investering og driftskostnader i langtidsperioden:

IKT-tenester budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Ramme til investeringer	233	147	147	147	137	127
Ramme til driftskostnader	973	1022	1053	1068	1077	1077

Leigeordning

Leigeordning skal dekke utskifting av PC-ar, skrivarar og skjermar. Det er gjennom dei store byggeprosjekta bytta ut store mengder IKT-utstyr dei siste åra, og vi er i rute med nødvendig utskifting for overgang til Windows 11. Nivå for uttak framover har ei lita auke samanlikna med 2025, då Helse Stavanger legg opp til lågare uttak i 2025 enn vanleg.

Leieordning Budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Investeringer (uttak)	90	94	94	94	94	94

Leieordning Budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Følgkostnader - avskrivinger	0	29	53	76	100	94
Forvaltningskostnad - avskrivinger	98	60	43	22	1	1
Sum driftskostnader	98	90	96	98	101	95

Område for innsparing og effektivisering

Innsparing, effektivisering, gevinst og nytte er ei felles utfordring for HF-a og Helse Vest IKT, og Helse Vest IKT må bidra ytterlegare med å synleggjere moglegheit for nytteverdi i HF-a, samstundes som det er høgt fokus på intern innsparing og automatisering. Det er i 2025 sett i gang eit initiativ for å gjennomføre tiltak knytt til automatisering av prosessar i den tekniske drifta. Det er fleire område der det er potensiale for automatisering, og det er valt smidig tilnærming for operasjonalisering av tiltaka. Dette er ei oppfølging av plan for innsparing frå 2025, med mål om årleg innsparing på 10. mill. kr. innanfor IKT-tenester.

Andre kostnader

Det er ikkje lagt inn vesentlege endringar i andre kostnader, men det vil kome nokre tillegg frå 2027 med flytting til nye lokale i Førde. Helse Vest IKT er i dialog med Helse Førde om leige av lokale. Flytting av datahall frå Green Mountain til nytt sjukehus i Helse Stavanger vil redusere leigekostnad med om lag 2,5 mill. kr. årleg.

Varesal er lagt inn med ei lita auke i 2026 og 2027, dette for å ta høgde for meir bruk av rolletelefonar, granskingsskjermar og sikkerheitsnøklar.

Finanskostnader er lagt inn med ein mindre reduksjon grunna forventning om lågare rente frå 2026.

Resultatkrav frå Helse Vest RHF i langtidsplan er eit årleg overskot på 1 mill. kr.

Alle tal i økonomisk langtidsplan skal vere i 2025-kroneverdi og utan justeringar for pris- og lønsvest i perioden.

Økonomisk langtidsplan Helse Vest IKT

Samla investeringsnivå i langtidsperioden:

Investerings budsjett (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Digitaliseringsområdene	401	360	330	300	275	250
IKT-tenester	233	147	147	147	137	127
Leigeordning	90	94	94	94	94	94
Sum investeringar	724	601	571	541	506	471

Samla driftsbudsjett i langtidsperioden:

Økonomisk langtidsplan (tal i 1 000)	Budsjett 2025	Økonomisk langtidsplan				
		2026	2027	2028	2029	2030
Salsinntekter - Tenester HF	1 979 049	2 090 247	2 257 515	2 409 897	2 500 434	2 552 417
Salsinntekter - Tenester Øvrige	80 084	82 446	89 080	95 085	98 715	100 896
Salsinntekter - Varer	32 243	33 243	34 243	34 243	34 243	34 243
Salsinntekter - Anna/Tilskudd	53 096	53 096	53 096	53 096	53 096	53 096
Sum Salsinntekter	2 144 472	2 259 032	2 433 934	2 592 320	2 686 488	2 740 653
Driftskostnader - Varer	32 243	33 243	34 243	34 243	34 243	34 243
Driftskostnader - Personal	648 397	663 365	679 402	709 163	727 024	739 306
Driftskostnader - Avskrivningar	438 711	478 181	528 171	562 587	575 673	559 307
Driftskostnader - Eksterne tenester	88 025	67 692	74 720	104 825	116 501	127 845
Driftskostnader - Lisensar	618 811	703 765	804 614	867 717	920 262	970 167
Driftskostnader - Linjeleie	46 389	46 889	47 389	47 389	47 389	47 389
Driftskostnader - Anna	165 896	167 896	166 396	166 396	166 396	166 396
Sum Driftskostnader	2 038 472	2 161 032	2 334 934	2 492 320	2 587 488	2 644 653
Driftsresultat	106 000	98 000	99 000	100 000	99 000	96 000
Inntekt - Finans	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Kostnad - Finans	106 000	98 000	99 000	100 000	99 000	96 000
Sum Finans	-105 000	-97 000	-98 000	-99 000	-98 000	-95 000
Resultat	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000

Fordeling mellom kostnadskomponentar i langtidsplan vil avhenge av kva aktivitet som blir prioritert av områda, og fordelinga mellom personal, eksterne tenester og lisensar er høgst usikker. Det er lagt opp til ein reduksjon på 73 mill. kr. frå 2025 til 2026 i ramme for utvikling i digitaliseringsområda, og fordeling mellom kostnadskomponentar er òg her avhengig av kva for initiativ som blir prioritert av områda. I tillegg vil overgang til skyløysingar, og eventuelle nye skyløysingar, endre samansetning av kostnadane.

Det er ikkje lagt opp til vesentleg endring av bemanning i langtidsperioden, men det vil vere behov for endring av ressursbruk frå byggeprosjekt til mobilitet, integrasjonar, identitets- og påloggingsløysingar, samt forvaltning av løysingar. Budsjett for personale aukar likevel i langtidsperioden - dette skuldast heilårseffekt frå 2025 (tilsettingar seint i året) og færre timar til investering (vridning til driftskostnader). Ved reduksjon av utviklingsramme til investering, vert òg tal på timar rekneskapsført som investering redusert, noko som gir følgjande effekt på personalkostnaden:

Personalkostnader (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Kostnadsreduksjon timar til investering	-148	-144	-132	-120	-110	-100

I 2026 og 2027 er det lagt opp til ein vesentleg reduksjon av utviklingsaktivitet i digitaliseringsområda, noko som gir moglegheit for å erstatte fleire konsulentar med egne tilsette, mellom anna med ressursar frigjort frå byggeprosjekt.

Reduksjon i investeringar i langtidsperioden utgjer noko over 250 mill. kr, tilsvarande – 35%. Auke i driftskostnadar i langtidsperioden utgjer nesten 600 mill. kr, tilsvarande 28%. Samla sett inneber forslaget ein vekst i langtidsperioden på noko over 340 mill. kr, tilsvarande 12%, noko som er vesentleg lågare enn i førre langtidsperiode.

Finanskostnadar

Helse Vest RHF legg til grunn renteprognose i tabellen under:

Rentebane	2026	2027	2028	2029	2030
Rente	3,9 %	3,8 %	3,8 %	3,8 %	3,8 %

Basert på denne vil finanskostnadane bli noko lågare i langtidsperioden.

Likviditet og lånebehov

Helse Vest IKT har i 2025 søkt om langsiktig lån på 200 mill. kr., og i tillegg langsiktig finansiering av ny datahall på 55. mill. kr. Det vil vere behov for ytterlegare langsiktig lån fram til 2027/2028 - då vil avskrivningar finansiere nye investeringar.

Likviditetsprognose 2026-2030 (1 000 kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
KONTANTSTRØMMER FRÅ OPERASJONELL AKTIVITET:						
Resultat	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ordinære avskrivningar	438 711 000	478 181 323	528 170 976	562 586 858	575 672 856	559 306 596
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerb	-147 660 000	-144 000 000	-132 000 000	-120 000 000	-110 000 000	-100 000 000
Endring i kortsiktig fordring/gjeld	-20 000 000	-20 000 000	-20 000 000	0	0	0
= Netto kontantstrømmer frå operasjonell aktivitet	272 051 000	315 181 323	377 170 976	443 586 858	466 672 856	460 306 596
Periodisert pensjonskostnad	100 886 000	101 000 000	102 000 000	103 000 000	104 000 000	105 000 000
Betalt pensjonspremie	-104 000 000	-104 000 000	-104 000 000	-104 000 000	-104 000 000	-104 000 000
= Endring i driftslikviditet	268 937 000	312 181 323	375 170 976	442 586 858	466 672 856	461 306 596
KONTANTSTRØMMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITET:						
Utbetaling digitaliseringsprosjekt	-400 785 000	-360 000 000	-330 000 000	-300 000 000	-275 000 000	-250 000 000
Infrastrukturinvesteringar	-141 000 000	-120 000 000	-120 000 000	-120 000 000	-110 000 000	-100 000 000
Aktivert leieutstyr alle	-90 000 000	-94 000 000	-94 000 000	-94 000 000	-94 000 000	-94 000 000
Investeringar frå føretaka	-16 903 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000
Investeringar frå digital plattform	-20 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerb	147 660 000	144 000 000	132 000 000	120 000 000	110 000 000	100 000 000
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	-521 028 000	-456 500 000	-438 500 000	-420 500 000	-395 500 000	-370 500 000
KONTANTSTRØMMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITET:						
Innbetaling av nye lån frå Helse Vest RHF	363 600 000	313 600 000	213 600 000	163 600 000	0	0
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000	-50 000 000	-100 000 000
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet (netto lån)	200 000 000	150 000 000	50 000 000	0	-50 000 000	-100 000 000
Over-/underskuddslikviditet investeringar	-321 028 000	-306 500 000	-388 500 000	-420 500 000	-445 500 000	-470 500 000
= Total endring likviditet	-52 091 000	5 681 323	-13 329 024	22 086 858	21 172 856	-9 193 404
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	69 809 000	17 718 000	23 399 323	10 070 298	32 157 157	53 330 013
= Utgåande likviditetsbeholdning	17 718 000	23 399 323	10 070 298	32 157 157	53 330 013	44 136 610

Konklusjon

Tilnærming til arbeidet med økonomisk langtidsplan er lagt fram for styret til orientering. Førebels forslag til langtidsplan er ein vesentleg lågare vekst enn for historisk 5-årsperiode, og det vil bli svært krevjande for både digitaliseringsområda og IKT-tenester å prioritere innanfor desse rammene, sett i lys av dei ambisjonar og forventningar som ein har til utvikling av løysingar og bruk av ny teknologi.

Administrasjonen vil ta med innspel frå styret i det vidare arbeidet, samt fortsette med kvalitetssikring og avklaringar.